



Miljødirektoratet

Marint vern i Hordaland – oversending av tilråding frå fylkesmannen

Planane om vern av våre 3 marine kandidat område har vore til høyring, og uttalene frå høyringsrunden er oppsummerte. Dette er gjort i eit eige dokument som er vedlagt. Vedlagt ligg også eit dokument som grunngjev fylkesmannen si tilråding om vern av alle tre kandidat områda.

Tilhøyrande dokument er også vernekart, verneforskriftene, dokumenta som var til høyring og ikkje minst kopi av alle høyringsuttalene. Dette vert mange dokument som samla legg beslag på meir datakapasitet enn at dei kan formidlast praktisk ved e-post. Dei er såleis gjort tilgjengelege på eit nettsky, som direktoratet får tilgang til ved å sjekke denne lenka:

https://fylkesmannen-my.sharepoint.com/personal/fmhosby_fylkesmannen_no/_layouts/15/guestaccess.aspx?folderid=0c324ad73c11143cf9d3217eeaa669527&authkey=AXROAagHBOa39LNkEjjMGsg&expiration=2017-10-24T10%3a58%3a36.000Z

Som det går fram av tilrådinga, er fylkesmannen sitt råd at verneprosessen går vidare for alle våre tre kandidat område. Marint vern skal bidra til at eit utval av representative, særne, sårbar og trua undersjøiske naturtypar vert tekne vare på. Høyringa er prega av uro og uvisse om akvakulturinteressene vil bli hemma, om marint vern vert ein realitet. Mykje av dette skuldast at verneforskriftene ikkje er tolka slik dei faktisk er meint. Det er vår oppfatning at desse spørsmåla kan løysast i den vidare verneprosessen og at marint vern er kontroversielt i avgrensa grad.

Det er gjennomført ei kompleks og omfattande høyring, og det har bydd på utfordringar å samanfatte høyringsinnspel på ein oversiktleg og konstruktiv måte. Det er nokre få element som vi føler trong for å drøfte i meir detalj med Miljødirektoratet. Vi trur at beste måten å avklare desse problemstillingane på er at involverte sakshandsamarar hjå Miljødirektoratet og Fylkesmannen sett seg saman og går gjennom problemfeltet i eit felles møte.

Særleg 3 element i prosessen er ikkje fullgodt avklart per i dag. Dette er:

- (1) Sjøområda utanfor Leirvik, kandidat område Ytre Hardangerfjorden. Dette området vart i 2017 teke i bruk av industriverksemder i Leirvik til store industrielle monteringsoperasjonar som må gjerast i open sjø med eigna djupnetilhøve. Fylkesmannen vil i løpet av hausten 2017 ha eir møte med Kværner om korleis denne

aktiviteten kan tilpassast planane om marint vern. Møtetidspunkt er ikkje fastsett, men vi vil tru det kan vere nyttig for Miljødirektoratet å ta del i dette møtet.

- (2) Kandidatområde Krossfjorden. Her har Forsvaret eit øvingsområde som mellom anna omfattar eit skytefelt og undersjøiske sprengingar. Grensa for verneområdet er justert mellom anna for å unngå området som er aktuelt for undersjøisk sprenging, men vi er usikre på om vi har unngått denne delen av øvingsområdet heilt. Fylkesmannen har sett det som uaktuelt å legge restriksjonar på Forsvaret sin oversjøiske bruk av øvingsområdet, men undervasssprenging er vanskeleg å sameine med marint vern.
- (3) Havforskingsinstituttet har gjort framlegg om ei presisering av utslepp av badevatn frå lusehandtering i oppdrettsanlegg i verneforskriftene. Fylkesmannen ser at denne presiseringa kan vere på sin plass, men formulering om dette har ikkje vore til høyring.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.